



Eirik Navdal  
Ikeland 100  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2844 - 15/33258

Saksbehandlar:  
Kristin Nielsen  
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:  
02.11.2015

## Retur av søknad om redskapsbygg/garasje - gbnr 169/1 Eikeland nordre

**Administrativt vedtak. Saknr: 480/15**  
**Tiltakshavar:** Eirik Navdal

Lindås kommune stadfestar å ha motteke dykkar søknad om dispensasjon og oppføring av reiskapsbygg/garasje den 27.07.2015.

### SAKSUTGREIING/VURDERING:

Etter ein førebels gjennomgang av søknaden finn vi at den er for mangelfull til at vi kan handsame saka, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Det er registrert fleire manglar som mellom anna gjeld følgjande:

#### 1. Ansvarleg føretak

Tiltaket er avhengig av at eit føretak med ansvarsrett står som ansvarleg for søknad og oppføring.

Det omsøkte tiltaket kan ikkje utførast utan ansvarsrett då det ikkje kjem innunder Plan- og bygningslova § 20-4, jf. Forskrift om byggesak (SAK) § 3-1 og § 3-2.

#### 2. Teikningsmateriale/terrenginngrep

Det manglar snitteikning og planteikning av loftet.

På situasjonsplan må ytre mål og takform visast.

Det må sendast inn teikningsmateriale som viser eksisterande og nytt terreng. Den innsendte situasjonsplanen viser at det vil vere trong for eit vesentleg terrenginngrep for å kunne føre opp bygget.

#### 3. Nabovarsel



Det er ikkje opplyst i nabovarselet at det søkast om dispensasjon/det er ikkje vist at naboane har motteke dispensasjonssøknaden.

**VEDTAK:**

**Søknaden vert avvist då han ikkje tilfredsstillar lovgivinga sine krav. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga. Ny, komplett søknad må sendast til kommunen for at saka skal verte teke opp til realitetshandsaming.**

**Saka vert arkivert utan vidare handsaming.**

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Sats	Tal	Sum
10.3.5	Avvist sak	850,-	1	Kr 850,-
	<b>Totalt gebyr å betala</b>			<b>Kr 850,-</b>

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Kristin Nielsen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Eirik Navdal

Ikeland 100

5912

SEIM